



Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/1858-1

Klage frå Jostedalen Breførarlag på avslag på søknad om infrastrukturmidlar til reiseliv

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Klagen frå Jostedalen Breførarlag vert ikkje teken til følgje.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Søknad med to vedlegg, dagsett 01.09.15

Klage, dagsett 23.11.15

Andre dokument som ikkje ligg ved:

E-postutveksling mellom fylkeskommunen og Innovasjon Norge

E-postutveksling mellom fylkeskommunen og TurApp AS

Vedtak om avslag på søknad, dagsett 12.11.15

Saksutgreiing til hovudutvalet for næring og kultur si sak 7/16

Utlýsingstekst: <http://www.sfj.no/infrastrukturmidlar-til-reiseliv.341132.nn.html>

https://www.regionalforvaltning.no/Startside/Velkommen.aspx?Ordning_Id=927&Cookie=0

Handlingsplan for INU-midlar: <https://www.nho.no/siteassets/regioner-filer-og-bilder/sogn-og-fjordane/filer/inu-fsf/handlingsplan-2015---2021.pdf>

Reiselivsplan for Sogn og Fjordane 2010-2025:

<http://img4.custompublish.com/getfile.php/3038271.2344.dsgetvypyx/reiselivsplanen+2010-2025.pdf?return=www.sfj.no>

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune får kvart år næringsretta utviklingsmidlar frå Kommunal og Moderniseringsdepartementet som kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjeveravgift for verksemder i kommunane Førde, Sogndal og Flora. Foreininga «Den interkommunale næringsretta utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjeveravgift i kommunane Førde, Flora og Sogndal» (INU-FSF) har utarbeidd ein handlingsplan for korleis midlane skal fordelast. Hovudutval for plan og næring godkjente handlingsplanen i møte 05.05.15, sak 30/15. Fylkesrådmannen fekk fullmakt til å fordele 3,5 mill. kr av midlane til oppfølgingsarbeidet av reiselivsplanen. 2 mill. kr vart lyst ut til infrastrukturtiltak i reiselivet i Sogn og Fjordane. Midlane skal gå til «*tilretteleggande tiltak som skal gjere dei mest særeigne attraksjonane i fylket meir tilgjengelege for turistar*». Tiltaka som vert støtta skal medverke til å nå måla i reiselivsplanen; auka verdiskaping, auke i tal gjestedøgn og eit meir berekraftig reiseliv.

Utlýsingsteksten for infrastrukturmidlane er tilgjengeleg her:

<http://www.sfj.no/infrastrukturmidlar-til-reiseliv.341132.nn.html>

https://www.regionalforvaltning.no/Startside/Velkommen.aspx?Ordning_Id=927&Cookie=0

Jostedalen Breførarlag søkte ved brev av 01.09.15 fylkeskommunen om kr 250 000,- i infrastrukturmidlar. Tilskotet skulle gå til «*pakketering av guida opplevingar i Jotunheimen*». Målet til prosjektet er å lansere ein digital guide for Jotunheimen der alle verksemder og nasjonalparken sjølv samarbeider om å vise fram sine opplevingar. Det skal vere mogleg å booke opplevingar direkte hjå leverandøren. Breførarlaget søkte om støtte på vegner av alle verksemdene som ønskjer å delta med sine opplevingar i prosjektet. Selskapet TurApp AS skal utvikle den digitale guiden på vegner av Jostedalen Breførarlag AS.

Det er fleire kriterium for å få støtte til infrastrukturtiltak. Tilskotet skal m.a. ikkje gå til «*drift*» eller «*bedriftsretta tiltak og tiltak som kan reknast som bedriftsutvikling*». Fylkesdirektøren for næring vurderte søknaden frå Jostedalen Breførarlag som ein søknad om midlar til utvikling av TurApp AS som selskap. Sakshandsamar på næringsavdelinga sende difor søknaden til Innovasjon Norge for ei vurdering av om dei kunne tilby driftstøtte. Innovasjon Norge prioriterte ikkje søknaden grunna nyhendegraden.

Søknadane om infrastrukturmidlar for 2015 vart vurdert av næringsavdelinga i samarbeid med programstyre for infrastruktur. Fylkesdirektøren for næring avslø søknaden ved avgjerd dagsett 12.11.15. Grunnlaget for avslaget var at prosjektet vart vurdert til å vere ein søknad om driftsmidlar i ein prosjektsøknad. Det vart vist til at fylkeskommunen ikkje har høve til å løyve infrastrukturmidlar til drift. Fylkesdirektøren opplyste også om at Innovasjon Norge ikkje kunne prioritere prosjektet.

Jostedalen Breførarlag klaga på avgjerda i e-post av 23.11.15, jf. vedlegg 1.

Hovudutvalet for næring og kultur handsama klagen som underinstans i møte 02.02.06, sak 7/16. Hovudutvalet tok ikkje klagen til følgje, og sende saka over til fylkesrådmannen for førebuing til klagenemnda.

2. Klagaren har hovudsakleg gjort gjeldande

Som grunnlag for klagen hevda klagar at prosjektet ikkje inneheld midlar til drift av selskapet TurApp AS, sjå vedlegg 2. Prosjektet er ifølgje klagar eit pilotprosjekt som er avgrensa til Jotunheimen nasjonalpark. Vidare skreiv klagar at dei ikkje ser kvifor nyhendegraden er ein del av vurderinga.

Då sakshandsamar hadde bede om ei rolleavklaring presiserte klagar at Jostedalen Breførarlag er prosjekteigar, medan TurApp AS er prosjektleiar.

3. Underinstansen si handsaming av klagan

Av saksframstillinga til sak 7/16 i hovudutvalet for næring og kultur går det fram at fylkesdirektøren vurderer søknaden som ein søknad om driftsmidlar til TurApp AS:

Søknaden frå Jostedalen breførarlag er vurdert som ein søknad om midlar til utvikling av TurApp som selskap. Tiltrådinga har bakgrunn i søknaden, og fylkesdirektøren sin kjenn-skap til selskapet TurApp AS. Selskapet heldt ein presentasjon for fylkesdirektøren 19. februar 2015 og selskapet sine aktivitetar er elles kjend gjennom søknadar til fylkes-kommunen sine samarbeidspartnarar som NCE Tourism Fjord Norway og Innovasjon Norge. Selskapet TurApp tilbyr eit produkt som fylkesdirektøren har tru på, men det vil ikkje vere rett å nytte fylkeskommunale midlar for å styrke selskapet sin aktivitet. Søknaden vert vurdert til at det er utvikling av eigen bedrift (for TurApp) i ein prosjektsøknad.

Vidare viser underinstansen til at fylkeskommunen allereie støttar ei løysing for booking av aktivitetar. Fylkeskommunen har løyva tilskot til destinasjonsselskapa i Sogn og Fjordane si løysing, som gjeld for heile fylket. Fylkesdirektøren ønskjer difor ikkje å støtte fleire slike løysingar. Fylkesdirektøren presiserer at Jostedalen Breførarlag og andre aktivitetsselskap er velkomne til å nytte destinasjonsselskapa si ordning.

Underinstansen framhevar i tillegg at det er tøff konkurransen om infrastrukturmidlane. For 2015 vart det lyst ut 2 mill. kr. Det kom inn 32 søknadar med ein samla søknadssum på om lag 6,2 mill. kr. Pga. fleire gode søknadar vart ramma for tildeling i 2015 auka til 3 mill. kr.

4. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen presiserer at klagen gjeld avslag på søknad om infrastrukturmidlar til reiselivet. Fylkesutvalet som klagenemnd skal følgjeleg ikkje ta stilling til Innovasjon Norge si vurdering av om det var aktuelt å løyve driftsmidlar til prosjektet. Som det blir påpeika i saksframstillinga for underinstansen er nyhendegrad ikkje eit moment i fylkeskommunen si vurdering av søknadar om infrastrukturmidlar til reiseliv. Klagenemnda skal følgjeleg ikkje vurdere nyhendegraden.

Fylkesrådmannen understrekar likevel at når fylkesdirektøren vurderer at ein søknad ikkje stettar alle vilkår for å få tilskot, ser fylkesrådmannen det som positivt at næringsavdelinga undersøker om andre kan støtte prosjektet.

I utlysningsteksten er det presisert at infrastrukturmidlane ikkje skal gå til «*drift*» eller til «*bedriftsretta tiltak og tiltak som kan reknast som bedriftsutvikling*». På bakgrunn av søknaden og fylkesdirektøren sin kjennskap til selskapet TurApp AS, kom fylkesdirektøren til at det i realiteten blei søkt om driftsmidlar. Infrastrukturmidlane skal gå til tilretteleggande tiltak som skal gjere dei mest særeigne attraksjonane i fylket meir tilgjengelege for turistar, og på denne måten kome reiselivet i området til gode. Det vil difor ikkje vere riktig å nytte fylkeskommunale midlar for å styrke TurApp AS sin aktivitet. Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at klagen gir grunnlag for å vurdere søknaden annleis enn fylkesdirektøren gjorde i avslaget og i saksframstillinga til sak 7/16.

Fylkesrådmannen sluttar seg også til underinstansen si vurdering av at prosjektet uansett ikkje ville blitt prioritert, då fylkeskommunen allereie har løyva tilskot til ei løysing for heile fylket, og det er hard konkurranse om midlane.

Dersom klagenemnda tek klagen heilt eller delvis til følgje, må løyvinga dekkast av midlane for 2016.

5. Konklusjon

Prosjektet oppfyller ikkje kriteria for å få støtte. Jamvel om prosjektet hadde stettat alle vilkår, ville søknaden ikkje blitt prioritert. Det er tøff konkurransen om infrastrukturmidlane, og fylkeskommunen støttar allereie ei løysing for booking av aktivitetar som gjeld for heile fylket.

På bakgrunn av kriteria for tildeling av infrastrukturmidlar tilrår fylkesrådmannen at Klage-nemnda ikkje tek klagen til følgje.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)